

Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr: 612

VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE



Sak nr 06/2022

Møtedato: 23.02.2022 Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

Lokale reglar for elg- og hjortejakt i Vestre Slidre statsallmenning

Ved utleige av elgjakt har det vore generelle reglar som NFS har utarbeidd forslag til og fjellstyret har godkjent sist i sak 14/2014. Det legges opp til revidering av desse generelle reglar då det kom nye i 2019.

NFS har også utarbeidd ei standard kontrakt som fjellstyret brukar ved utleige av elgjakt. I tillegg har det vore lokale reglar som fjellstyret har utarbeidd, her er m.a. reglar i driftsplan innarbeidd. Når ein reviderer generelle reglar, må ein og sjå på dei lokale reglane. Her er det berre mindre tilpassingar, då det som vart vedteke sist er ganske oppdaterte.

Utkast til nye lokale reglar er med i eige vedlegg.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret godkjenner framlegg til lokale reglar for elgjakta.

Vedtak:

Fjellstyret godkjenner framlegg til lokale reglar for elgjakta.

Samrøystes

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 24.02.2022

Kenneth Monsen
sekretær

Utskrift:
Elgjaktlaga
Vestre Slidre jeger og fiskarlag
Vestre Slidre kommune